



Sirdal kommune

Sinnes skule

Medlem i Sinnes SMU og SU

DYKKAR REF.:	VÅR REF.:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	9182/2020 - 2012/450	Åse-Berit Fidjeland	A20	15.06.20

REFERAT MØTE I SINNES SMU OG SU 04.06.20

Til stades: Karine Tjørhom Myhra, Helin Morel, Svein Rune Skilnand, Siri Fidjeland, Karoline Tjørhom, Marius Nygård Fidjeland, Lena Bøgwald, Erik Kolbeinsen, Magne Tjørhom og Åse-Berit Fidjeland

Sak 05/20: Godkjenning av referat frå møte 20.04.20
Det var ingen merknader til referatet.

Sak 06/20: Resultat frå lokal trivselsundersøking vår 2020
Rektor viste diagram over resultatata, sjå vedlegg 1, og oppsummerte at det er generelt høg trivsel på Sinnes skule, noko som er veldig bra. Der trivselen ikkje er på topp, er det snakka med elevane og sett inn tiltak. Det er fordelen med ei ikkje-anonym undersøking.

Ja-svara på "Har du sett nokon som blir plaga" og "Har du sett nokon som plagar andre" er jamt fordelt på småskuletrinnet og mellomtrinnet. Når det gjeld småskuletrinnet, er erfaringa at det ofte kan vera småknuffing og å læra seg sosiale rammer som fører til at noko vert oppfatta som plaging. I år spør me ikkje kven som har plaga eller blitt plaga, pga. sak i fjor om personvern, og me veit difor ikkje kva det kan vera bortsett frå eit par elevar som uoppfordra har fortalt om det (kommentarar/frekk i munnen/klyping).

Det er inga mobbing på sosiale medium, og her har me ikkje delt inn i korkje kva medium elevane brukar eller om det er forskjell på klassar. Det må ev. vurderast til neste år, om SMU ynskjer det, men det kom ikkje fram i møtet.

Sak 07/20: Ombygging Sinnes skule og vidare arbeid
Siste nytt er at det blir arbeidd med å utarbeida avtale mellom Sirdal kommune og Sirdal høyfjellshotell. Lærarane pakkar både det som skal vera her og det som skal på hotellet av bøker og utstyr, og bygg og eigedom skal flytta det. Førebels veit me ikkje kva rom det gjeld, eller kor mykje møblement som må flyttast, så dette må òg gjerast.

Miljøretta helsevern var ikkje med på den første synfaringa, så dei skal sjå på saka i veke 25. Rapporten frå Stamina tyder på at dette vert dyrt, for det blir anbefalt solskjermin på enkelte rom, meir lys på andre, lydemping i tak eller på vegger og fjerning/sanering av materiale (fliser) i minst ein garderobe. I tillegg er det skråtak og tepper i fleire rom, som ikkje er heldig for korkje elevar, lærarar og reinhaldarar. Dette må formannskapet få informasjon om på møtet 11.06.20.

SMU er samde om at å flytta ungdomstrinnet til Tonstad er ei rasering av ei skulebygd, men nokre har fått avslag frå fylkesmannen v/Tor Øyvind Endresen på klagen om fritt skuleval. Det kan ikkje klagast på, men ein familie vil senda saka til sivilombodsmannen. Det er vel nokså talande at ein av dei minste elevane har kommentert at ho/han spyr når dei er på busstur til Tonstad.

REFERAT MØTE I SINNES SU 04.06.20

Til stades: Karine Tjørhom Myhra, Helin Morel, Svein Rune Skilnand, Siri Fidjeland, Karoline Tjørhom, Marius Nygård Fidjeland, Lena Bøgwald, Erik Kolbeinsen, Magne Tjørhom og Åse-Berit Fidjeland

Sak 05/20: Godkjenning av referat frå møte 16.01.20
Det var ingen merknader til referatet.

Sak 06/20: Anna
Smittevernrettleiar er utarbeidd, sjå vedlegg 2, og Sirdal er som resten av landet, på gult nivå med forsterka reinhald.

Åse-Berit Fidjeland (skrivar)

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.